



19.01.2018

NVE - Konsesjonsavdelinga
epost: nve@nve.no

Arkivsak: 17/3821
Løpenr.: 18/1013
Sakshandsamar:
Steinulf Skjerdal

Melding om politisk behandling - Høyring av søknad om fornya reguleringskonsesjon for Fortun-Grandfastaregulereringane

Vi viser til dykker brev dat. 6.9.17, og til seinare avtale om utsett høyringsfrist for Luster kommune.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret i Luster har gjort slikt vedtak i møte den 18.01.2018, sak 2/18:

«Luster kommunestyre syner til saksutgreiinga og sluttar seg til vurderingane som kjem fram der.

Luster kommunestyre meiner at ved ein revisjon må ein pårekne betydelege avbøtande tiltak. I kraftutbyggingar av denne storleik er Luster Kommune oppteken av at ein beheld energiproduksjonen. Ein må likevel pårekne at enkelte tiltak kan gi redusert energiproduksjon. Dette må i så fall skje etter ein grundig kost-nytte vurdering.

1. *Saka om ny reguleringskonsesjon for Fortun – Grandfasta må sjåast i samanheng med konsesjonssøknadene for Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk. Dersom NVE og OED innvilgar konsesjon til tilleggsutbyggingar i vassdraget før saka om fornyingskonsesjon er ferdighandsama, forutset kommunestyret at det er sett vilkår om at miljøomsyn og aktuell minstevassføring i fornyingssaka skal ha forrang framfor produksjonsvatn til både Illvatn og Øyane.*
2. *Det må gjennomførast kost-nytte-vurderinger av aktuelle tiltak føreslegne i dei ulike fagrappartane. Tilleggsutgreiingane må gjerast tilgjengelege og bli gjenstand for høyring når dei føreligg.*
3. *Kommunestyret forutset at kraftgrunnlaget vert berekna etter ny tilsigsserie for å fanga opp ev. auka kraftgrunnlag i reguleringane. Dersom ny tilsigsserie ikkje er tilgjengeleg innan endeleg vedtak om konsesjon vert gjort, må det takast inn at kraftgrunnlaget kan oppdaterast når ny tilsigsserie føreligg.*
4. *Omsynet til fisk og fiske må forsvarleg ivaretakast ved fornying av konsesjonen, særleg gjeld dette anadrom strekning.
 - Det må vurderast å setja krav om minstevassføring i hovudvassdraget ovanfor Skagen.
 - Det må leggjast restriksjonar på effektkøyring nedanfor Skagen, særleg rask senking av vasstanden.
 - Det må utarbeidast eitt manøveringsreglement gjeldande nedstrøms Skagen Kraftverk der ein fastset minstevannføring (sommar/vinter?) og rampingkrav. Særleg bør ein unngå hurtig senking av vannstanden.*

- *Det må påleggjast minstevassføring, ev. andre tiltak for å hindra massedaude av fisk på grunn av bortfrysing av vatn i indre del av anadrom strekning ved Øyane*
 - *Det må gjennomførast tiltak for å gjenskapa anadrom strekning i sidevassdraget Grandfasta.*
 - *Det må installerast automatisk omløpsventil i Skagen kraftverk for å sikra naudsynt vassføring ved utfall.*
 - *Pålegg om utsetjing av fisk i vatn der utbygginga har ført til manglende rekruttering, må vidareførast. Kultiveringstiltak i vassdraget må vidareførast.*
 - *I ny konsesjon må det påleggjast årleg tilskot til fiskefremmande tiltak.*
5. Kommunestyret krev vidare at det skal gjerast grundige og naudsynte vurderinger om kvar utbyggjar skal ta vatn frå for å dekka krav om minstevassføring, dette for å sikra oppveksttilhøva for lakseyngel. Minstevassføringa bør hentast frå Middalen.
6. Utbyggjar sitt ansvar for vedlikehald av elveløpet i form av regelmessig opprensing og tiltak elles for å hindra overfløyming og skade, må koma klårt fram i ny konsesjon.
7. I manøvreringsreglementet må det spesifiserast flaumdempande tiltak.
8. Vilkår i gjeldande konsesjon som gjerdehald kring Hydro sine eigne eigedomar, plikt til gjerdehald mot husdyr der utbygginga har ført til at elvar ikkje lenger fungerer som naturleg gjerde, sikring av husvatn, vatn til husdyr, jordbruksvatning m.v. må vidareførast i ny konsesjon.
9. Det må vurderast tiltak for å sikra stabil vasspegel der utbygginga har ført til turrlagde eller delvis turrlagde elveløp, særleg i område med store reiselivsinteresser, som Turtagrøområdet.
10. Kommunestyret forutset elles at vilkår i avtalen mellom Hydro og staten i saka om føregripe heimfall, om at krafta frå Fortun – Grandfasta skal nyttast i Årdal, vert vidareført.
Luster kommune er oppteken av at krafta frå dette anlegget også heretter skal vere underlagt «anvendelsebegrensning», ved at krafta må brukast til kraftintensiv industriverksemd i Årdal, også kalla lokal binding, jf. Stortingsprop. Nr. 38 (1997/98)
- Bindinga må gjelde for både tidlegare og nytt produksjonsvolum og i heile den nye konsesjonsperioden.*
- Når det gjeld ev. omdisponeringskrav frå Hydro si side, vil Luster kommune framheva at omdisponeringar av industrien sin krafttilgang utover Stortinget sine opprinnelige føresetnader, framleis må handsamast av dei politiske styresmaktene.*
11. Det må avsetjast næringsfond til Luster kommune på minst 75 mill. kroner.
- Under føresetnad av at innspela ovanfor vert imøtekomne, vil ikkje Luster kommunestyre motsetja seg at ny konsesjon vert innvilga.»*

Vedlagt følgjer saksutgreiinga med vurderinga som kommunestyret viser til i sitt vedtak.

Med helsing

Ivar Kvalen

ordførar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.
Vedlegg: Saksutgreiing.*